



Reglement for utleige av rom i kommunale skular

Voss herad 2025/2026

1. Føremål

Føremål med dette reglementet er å sikra ei ryddig og rettferdig utleige av kommunale skulelokale, med særleg fokus på å prioritera aktivitetar for born og unge i lokalmiljøet, samt å ivareta skulen sine behov og vedlikehald av lokala.

Skulebygga vert hovudsakeleg leigd ut på skuledagar.

2. Prioritering ved utleige/utlån

Ved utleige/utlån av rom i skule skal fylgjande prioritering gjelda:

1. **Eige bruk:** Lokala skal vera tilgjengeleg for skulen sine aktivitetar og andre kommunale føremål.
2. **Born og unge i lokalmiljøet:** Frivillige lag og organisasjonar som driv aktivitetar for born og unge i lokalmiljøet.
3. **Arrangement som tener lokalsamfunnet:** Skulane skal vera tilgjengeleg for arrangement som tener lokalsamfunnet. Dette kan vera private arrangement, eksempelvis bursdagar til elevar på skulen og sosiale samlingar for skuleklassar. Denne type arrangement skal vera gratis så lenge det ikkje medfører meirkostnad for skulen.
4. **Andre frivillige lag og organisasjonar i heradet** med særleg fokus på ikkje-kommersielle og samfunnsnyttige føremål.
5. **Private aktørar og kommersielle verksemdar** kan leiga lokale dersom det ikkje er interesse eller behov frå prioriterte grupper, og under føresetnad av at skulen har kapasitet til utleiga.
6. **Tilsette ved skulen** kan låna rom i skulen gratis dersom dei er ledige, og ikkje i bruk av prioriterte leigetakarar pkt. 1-5. Dette må avklarast med ansvarleg utleigar ved skulen.

3. Bruksreglar

3.1. Booking og leigetid

- Voss herad nyttar eige bookingsystem (BookUp) for leige/ utlån av rom i kommunale skulebygg.
- Utleige med overnatting; sjå eige reglement.
- Alle utleigeavtalar vert inngått skriftleg og skal godkjennast av skulen.



- Faste organiserte aktivitetar må søkast om kvart år, innan gitt dato. Tildeling av tider skjer seinast i august.
- Leigetakar skal opplysa om type aktivitet, tal deltakarar og ansvarleg kontaktperson.
- Rom kan leigast i skulen sine tilgjengelege tider, og i samsvar med fastsett timeplan. Utleige utover ordinær opningstid kan vurderast særskilt og må godkjennast av skulen.

3.2. Ansvar

- Det skal til ei kvar tid vera ein vaksen (18+) til stades som har gjennomført naudsynt opplæring.
- Leigetakar er ansvarleg for at lokala vert brukt i samsvar med oppgjewe føremål.
- Leigetakar pliktar å følgja skulen sine reglar for orden, tryggleik og brannvern.
- Eventuelle skadar på lokala eller utstyr som oppstår under leigeperioden, må meldast og erstattast av leigetakar. Dersom leigetakar oppdagar skade på inventar, eller det oppstår skade ved bruk, må dette rapporterast til utleigeansvarleg.
- Leigetakar skal rydda og vaska etter seg, og forlata lokala i den stand dei var då dei kom.
- Leigetakar er ansvarleg for utleverte nøklar, og skal signera både for motteken nøkkel og innlevert nøkkel (sjå eige skjema). Ved lengre leigeforhold, skal nøkkel leverast inn ved skuleslutt i juni kvart år. Dette er uavhengig av om ein har ynskje om å fortsetja leigeforholdet vidare.

Mista nøklar/ nøkkelkort må erstattast av leigetakar med kr. 400,- per nøkkel/ kort.

3.3. Ordensreglar

- Bruk av rusmiddel er ikkje tillate i skulebygg eller på skulen sitt område.
- Lokala skal forlatast ryddige og reine.
- Støy skal haldast på eit nivå som ikkje forstyrrar nærområdet.
- Leigetakar skal følgja gjeldande smittevernreglar og andre offentlege pålegg.
- Bruk berre avtalt utstyr.

3.4. Tryggleik

- Naudutgangar skal haldast frie.
- Leigetakar skal setja seg inn i branninstruks, evt. retningslinje for utleige ved overnatting og evakueringsrutinar før leigeperioden startar.



- Bruk av levande lys, open eld eller pyroteknikk er ikkje tillate.

4. Avlysing og endring

- Heradet kan avlysa leigeavtalen med rimeleg varsel dersom lokala trengst til eige bruk, eller ved uføresette hendingar.
- Leigetakar kan avbestilla lokala eller endra bestilling gjennom BookUp.

5. Prisar og betaling

- I samsvar med heradet sine retningslinjer, skal born og unge prioriterast utan betaling.
- Leigetakar må dekkja utgifter dersom det oppstår ein meirkostnad på reinhald. Dette vert belasta med ein kostnad på kr. 600,- per time.
- Utleigeprisar vert fastsette av heradet, og skal spegla ei rimeleg kostnadsdekning. Prisane er eks. mva (12 %), og gjeldande per. 26.9.2025 før nytt budsjett.

Prisliste for eksterne og kommersielle leigetakarar:

Leigetakarar ref. punkt 2, prioriteringslista pkt. 1-5 har gratis leige på skuledagar.

	Klasserom	Gymsal	Kjøkken	SFO	Prisreduksjon ved leige av fleire lokale
Timepris	100	200	200	100	-30%
4 t	300	400	400	300	
Heil dag	400	500	500	400	
Overnatting per person	125	125		125	

Leigetakar skal forlata lokala reine, dvs. rydda og vaska etter behov.